

## Første siger til A-laget.

04.06.2016



Rosendal tok sin første siger.

**Rosendal sitt A-lag har slite fælt i sesonginnleiinga i 5.divisjon. Sjølv om spelet har betra seg utover i sesongen, har første sigeren lete venta på seg. I dag, laurdag, kom den endeleg då laget slo Nore Neset 4 - 2 på Rosendal stadion etter at heimelaget hadde leia 2 - 1 ved pause. Det var 4 uskedelingar i startoppstillinga.**

Både Dag Rune Myklebust, Hermund Døssland, Ali Mohammed og Torbjørn Steinsvik spela frå start då laget spela ein god kamp og vann ein fortent siger. Særleg var første omgangen god vert det rapportert frå kampen. Laget gjekk hardt ut og varta opp med fine kombinasjonar på midten og på kantane, køyrde overlappingar og sette skikkeleg trøkk. Dette overraska nok Nore Neset som ligg høgt plassert på tabellen.

I andre omgang la heimelaget seg meir bakpå og tok dei kontringssjansane som baud seg. Sigeren og dei første poenga var svært viktige for laget, og det er å håpa at dette er starten på ein betre poengfangst, Det var Kjetil Helvik, Hermund Døssland, Vegard Bauge og Stig Helle som laga måla. De finn meir om kampen ved [å klikka inn på kvinnheringen.no](#) (Sak for abonnentar)

Trio med Sondre og Marius Myklebust i troppen gjekk på ein kjempesmell då dei tapte 1 - 7 for Vadmyra på Husnes. Meir om kampen [finn de her på Kvinnheringen.no](#). (Sak for abonnentar)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kvinnheringen